



Til lag og organisasjonar i
Balestrand, Leikanger og Sogndal

22. august 2019.

Invitasjon til samarbeid om aktivitetar og arrangement; Kultur- og aktivitetsprogram som markering av ny kommune januar 2020

Bakgrunn

1. januar 2020 sler kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal seg saman til *ein* ny kommune, Sogndal kommune. Ei slik historisk hending skal markerast. Den politiske Arbeidsgruppa for kultur, identitet og symbol inviterer difor lag og organisasjonar frå dei tre kommunane til å ta aktivt del i dette! Vi ønskjer samarbeid og bidrag til ei minnerik avrunding av det som har vore, og ein forventningsfull start for det nye som kjem.

Arbeidsgruppa inviterer difor til dialog der vi ynskjer

- Å høyre om ditt lag ønskjer å bidra? Med kva arrangement eller aktivitet, og korleis nye Sogndal kommune ev. kan bidra?

Målet er at vi i etterkant av møta har ein første oversikt over aktuelle samarbeid, arrangement og aktivitetar, og ev. planlagt dato.

Møteplan

Vi inviterer difor lag og organisasjonar frå dei tre kommunane til 3 innspels- og arbeidsmøte slik:

Tidspunkt	Kommune	Lokale
Onsdag 11. sept. Kl. 19.00	Balestrand	Kviknes hotell
Torsdag 12. sept. kl. 17.00	Leikanger	Kommunestyresalen
Torsdag 12. sept. kl. 20.00	Sogndal	Kommunestyresalen

Møta varer frå om lag 1,5 til maks 2 timar.

Nærare plan for møta:

- Kort innleiing frå leiar i arbeidsgruppa, Aud Kari Isane
- Planar så langt
- Innspelsrunde – felles arbeidsøkt
- Oppsummering og avslutning
- Lett servering undervegs

Brevet held fram på neste side



Kort om idear, planlagde arrangement, arrangementsperiode:

Fellesnemnda for Nye Sogndal kommune gav i sitt møte 20. juni si støtte til planane som arbeidsgruppa la fram. Arbeidsgruppa jobbar ut frå følgjande:

1. Arrangementsperiode

Arrangementa er planlagt i perioden tysdag 31. desember 2019 til søndag 19. januar 2020.

2. Rammer for markeringa

Målet er å lage eit «kultur og aktivitetsprogram» som omfattar alle innbyggjarane og som fremjar felles kultur og identitet. Dette ynskjer vi skal skje ved å engasjere frivillig sektor, næringsliv og innbyggjarar elles med målsetting om å skape felles identitet og nye relasjonar, på tvers av dei gamle kommunegrensene.

3. 3 større arrangement

Arbeidsgruppa planlegg 3 større tilskipingar, eitt i kvar tettstad.

Tidspunkt	Tema	Lokale
Torsdag 9. januar	Ungdomskultur	Leikangerhallen
Søndag 12. januar	Korsamling	Kviknes hotell
Onsdag 15. januar*	Husband med solistar	Sogndal kulturhus

***ikkje endeleg**

4. Andre aktuelle tilskipingar(idear som har vore drøfta, men ikkje fastsett):

Midnattsmesse og vardebrenning nyttårskvelden, fellesrevy, stafett i alle kommunar, konsertar, andre fellesarrangement for ungdom, arrangement i kulturhus, kunstlaget med kunst frå kunstnarar frå heile kommunen, arrangement i alle deler av kommunen, idretten går saman om turnering el. anna, arrangement, aktivitetsdag, felles ny komponert song, multikulturelle arrangement – fargespel, litteratur m.m.

Vi håpar so mange som mogeleg vil ta del i møta, og bidra med idear og framlegg slik at vi kan få ei mangfaldig og fin markering.

Gje gjerne ei tilbakemelding om laget/organisasjonen du representerer ønskjer å vere med i markeringa, og om de kjem til møtet. Klikk på denne [lenka](#). Ev. meld dykk på til tenestetorget.

Velkomne alle!

Med vennleg helsing

Arbeidsgruppa for kultur, identitet og samskaping

Aud Kari Isane (leiar)/sign

Frode Bøthun(s)

Trude Risnes(s)

Kjetil Kvåle(s)

Rita Navarsete(s)